



Ulvik herad
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Ulvik herad - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Ulvik heradsstyre har i møtet 15.12.2021, sak 084/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Ulvik herad er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit tre-årig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbankens oppgåver for dette fagområdet overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjett-dokumenta.

Oppsummering

Kommunen har ved inngangen til 2022 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og viktig for å sikre handleevna til kommunen framover.

Dei budsjetterte netto driftsresultata ligg over det anbefalte nivået i to av åra og litt under i to år. Demografiske endringar og noko nedgang i folketalet frå 2021 til 2022 fører til reduserte inntekter og rammeoverføringar frå 2022. Det er derfor positivt at heradet legg opp til å styrke disposisjonsfondet og bruke noko av mindreforbruket til investeringar. Med tanke på at det er enkelte vesentlege inntekter kommunen ikkje fullt ut rår over sjølve og at rentenivået truleg vil auke framover, er det positivt at kommunen legg opp til moderate låneopptak dei siste åra i perioden.



Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse med eit positivt netto driftsresultat på 7,07 mill. kroner, som utgjør 4,44 prosent av brutto driftsinntekter. Kommunen ligg derfor over det tilrådde nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Av overskotet skal 1,04 mill. kroner overførast til investeringsføremål, og resten skal avsettast til fond. Det budsjetterte resultatet ligg over fjorårets førebelse netto driftsresultat på 6,9 mill. kroner, som utgjorde 3,9 prosent. Snittet for landet (eks. Oslo) er på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter på 37,4 mill. kroner og rammetilskot på 60,2 mill. kroner (frie inntekter) samsvarar med oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal.

Av andre budsjetterte sentrale inntekter er dei største endringane frå 2021 i hovudsak sal av konsesjonskraft. Dette utgjør ein auke på om lag 11 mill. kroner frå budsjetterte tal i 2021 til budsjetterte tal i 2022. I tillegg er det lagt inn noko auke i sals- og leigeinntekter med om lag 1,1 mill. kroner.

Det vert ikkje innført eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader for 2022.

Etter førebelse tal frå 2021 utgjør disposisjonsfondet 20,5 mill. kroner som tilsvarar 11,6 prosent av brutto driftsinntekter, og ligg godt over det tilrådde nivået.

Heradet har vedteke investeringar i driftsmiddel for 18,1 mill. kroner inneverande år. Av dette utgjør lån til vatn og avlaup 600 000 kroner. Dei største investeringane er innanfor IKT og digitalisering, og til nødvendig vedlikehald av kommunale bygg. Førebelse rekneskapstal frå 2021 viser ei langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsutgifter) på om lag 137,2 mill. kr. Dette utgjør 77,8 prosent av brutto driftsinntekter, og ligg derfor godt under landssnittet (ekskl. Oslo) som utgjør 114,9 prosent. Det er vidare vedteke at kommunen kan ta opp inntil 5 mill. kroner i lån frå Husbanken til vidare utlån, om det er behov for dette.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I planperioden viser sum driftsinntekter ein nedgang frå 2022 og utover i perioden spesielt grunna nedgang i inntekter frå sal av konsesjonskraft. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter viser positive tal for heile planperioden 2023 – 2025 med 1,40 prosent (2,1 mill. kroner) i 2023, 2 prosent (3,04 mill. kroner) i 2024 og 0,88 prosent (1,3 mill. kroner) i 2025. Det skal overførast 767 000 kroner til investeringar i 2023 og 454 000 kroner i kvart av dei to siste åra.

Resten av mindreforbruket skal godskrivas fond kvart år, og heradet budsjetterer med at disposisjonsfondet skal ha ein saldo på om lag 25,3 mill. kroner ved utgangen av perioden. Dette utgjør om lag 16 prosent av budsjetterte driftsinntekter og ligg godt over det anbefalte nivået.

Det er planlagt moderate investeringar dei tre siste åra i perioden med om lag 22 mill. kroner. For heile perioden utgjør investeringar i driftsmiddel 40,2 mill. kroner. For perioden samla er det teke høgde for opptak av lån på inntil 10 mill. kroner i Husbanken, til vidare utlån ved behov.



Dei største investeringane finn ein innanfor digitalisering og IKT, vedlikehald kommunale bygg og vegar. Samla låneopptak til investering i driftsmiddel i perioden er budsjettert til 34,7 mill. kroner. Rente- og avdragsutgifter aukar mest i 2022 og 2023. Moderate låneopptak på slutten av perioden gjer at avdraga er om lag like høge som opptak av ny gjeld. Dette betyr at samla lånegjeld blir redusert i løpet av perioden.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handlevna over tid. Ulvik heradsstyre har vedteke følgjande måltal i perioden 2022 - 2025, alle i prosent av brutto driftsinntekter:

	mål	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat	1,75 %	4,4 %	1,40 %	2 %	0,88 %
Disposisjonsfond	10 %	12,85 %	14,30 %	16,02 %	16,72 %
Netto lånegjeld	< 95 %	90,85 %	94,23 %	94,04 %	93,56 %

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har ved inngangen til 2022 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette er framleis ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og viktig for å sikre handlevna til kommunen framover.

Dei budsjetterte netto driftsresultata ligg over det anbefalte nivået i to av åra og litt under i to år. Demografiske endringar og noko nedgang i folketalet frå 2021 til 2022 fører til reduserte inntekter og rammeoverføringar frå 2022. Det er derfor positivt at heradet legg opp til å styrke disposisjonsfondet og bruke noko av mindreforbruket til investeringar. Med tanke på at det er enkelte vesentlege inntekter kommunen ikkje fullt ut rår over sjølve og at rentenivået truleg vil auke framover, er det positivt at kommunen legg opp til moderate låneopptak i perioden.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er i samsvar med lov og forskrift. Det er bra at det er med mål for kvart tenesteområde over tiltak og aktivitetar for det kommande året.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent